

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kemsedal

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)

Gard:

(adresse): Hammarstøyl. 12 B<sup>15</sup>, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Julenissen var ikkje til anna enn i julehefte og julekort i min oppvekst. Det var ingen som kladdde seg ut på denne måten.

Eg har heller aldri høyrst at dei gamle omkalla julenissen, så han har ventleg heller ikkje funnest før i tida på desse kantane av landet.

Derimot var skikken å gå julebukke vel kjend frå gammalt. Ei heimegjord julebukke-maske med tagl til bartar og stygg fann eg i busveta heime då eg var smågut. Men denne skikken hadde eg teke av, så det var ikkje vanleg å gå julebukke lenger. (Sjølv var eg med på det herre ein gong, men me smågutane som fann på dette, hadde ingen tradisjon å stå oss til). Eg har inga viss for at julebukkeane delte ut gaver, trur heller det var skikk at dei skulle brakkross - i alle fall med jule-ålet. Noko samband mellom seftskoll-julebukke - julenisse trur eg ikkje det var.

2

Endå eldre og meir i det uklare var dei  
 skikkar og brier som knytte seg til jule-  
geita. Var julegeita eit mytologisk vesen,  
 eller ei utspjåking i likning med jule-  
 bukken, eller kan henda vere delane?  
 Det er vands å svare på.

Andre brier og skikkar („skreit“, jule-  
 fasting o. a.) ligg utanom dette emnet.

Første vinteren eg gjekk på skule, hadde  
 me den første julebri-festen. Julegrane  
 hadde lys og annan stas, og me slo  
 rundt henne. Skikken med å gå rundt  
 treet, var ikkje komen i bruk. Det vart  
 og delt ut pakkar (gaver). Men det  
 vart gjort på den måten at ein kar  
 gav seg ut for å vere postkøyrer, og  
 han hadde gavene med. Nokon nisse  
 var det ikkje tale om.

12-2-57.

O. Rudvin

5682

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING